



## Statens vegvesen

STIAN ANDRE RAUNEHAUG  
LEKNESVEGEN 111  
5915 HJELMÅS

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Tone Bøyum / 55516792 18/45379-7 07.05.2018

### Uttale – Dispensasjon – Avkjørsel og byggjegrense – Fv. 391 – gnr. 195 bnr. 71 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 03.03.2018. Vi var på synfaring på staden 25.03.2018.

#### Kva sak gjeld:

Det er søkt om oppføring av ny bustad på gnr. 195 bnr. 71 i Lindås kommune. Eigedomen er avsett til bustad med plankrav (område B4) jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås. Vi legg til grunn at tiltaket treng dispensasjon frå plan.

#### Opplysning om saksgang:

Før søknaden vert handsama etter veglova, er det behov for å avklare tiltaket etter plan og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommune forvaltar. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. §19-2. Vi har også klagerett i slike saker. Dette brevet er difor utforma som ein uttale som du kan legge ved din søknad til Lindås kommune.




Fig: Situasjonskart vedlagt søknad:

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

## **Uttale til handsaming etter plan og bygningslova:**

### **Tekniske opplysningar:**

Eigedomen ligg på sørsida fv. 391. Vegen er smal på gjeldande strekning og utan tilbod til gåande og syklande. Fylkesvegen er også skuleveg for born på Leknes skule lengre aust. Fartsgrensa på staden er 40 km/t, og årsdøgertrafikk (ÅDT) er 1000. Vegstrekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrense langs veg i Region vest (2013 – 2016)*.

### *Vegvesenet si vurdering av saka:*

#### Akvørsle:

Statens vegvesen skal ved si vurdering av saka legge vekt på omsynet til trafikken på og langs vegen. Det må gjerast ei totalvurdering der det utover tilhøva på staden også må takast omsyn til framkomst og trafikktryggleiken på den vegen det er søkt avkørsle frå.



*Frisikt retning venstre*

På eigedomen står det i dag ein gamal fritidsbustad. Eigedomen har ikkje lovleg tilkomst forutan ein eldre gangtilkomst. Det må difor opprettast ny avkørsle som er køyrbar.

Eit absolutt krav vi stiller til nye avkørsler er at det skal vere tilstrekkeleg sikt. Kravet til frisikt vert gitt med bakgrunn i fartsgrense og trafikkmengda på staden. I dette tilfellet vil minimumskravet til sikt vere at ein skal kunne sjå 30 meter til kvar side av vegbana frå eit augepunkt 1,1 over bakken 3 meter inn i avkørsla. På synfaring merka vi oss at frisikta til venstre i avkørsla er därleg og at det er fleire sikthindrande element i den retninga. Det er også eit luftspenn som er forankra i terrenget, som kan vere utfordrande i høve til å oppnå god nok sikt. Vi rår difor til at avkørslepunktet vert flytta nokre meter lengre til høgre retning Leknes i høve til søknaden som er sendt inn. På den måten kan ein gå klar av terrenget, luftspenn / stolpe og støypekant langs vegen. Ein vert samstundes meir synleg for trafikken på fylkesvegen.

Andre krav vi stiller til utforming er knytt til svingradius, som skal vere 4 meter. Vi stiller også krav til helling / lengdeprofil og drenering i avkørsla. Vi vurderer at desse krava kan oppfyllast

i dette tilfellet. Søker må også dokumentere til ein ny søknad at det er tilstrekkeleg snu- og manøvreringsareal på eigen tomt, slik at ein unngår å rygge ut på fylkesvegen.

**Byggjegrense:**

Det er søkt om dispensasjon frå byggjegrense 6 meter frå vegmidte. Arealdelen av kommuneplan for Lindås har eigne føresegner om byggjegrense langs veg, jf. *1. Generelle føresegner og retningsliner. Pkt. 1.6.* Det er difor Lindås kommune som skal handsame denne søknaden.

Vi har berre mottatt ein prinsipiell skisse over plassering av bygg på tomta. Generelt rår vi i frå å plassere bustader nærmere veg enn 15 meter. Det vil og vere viktig å trekke anna bygningsmasse vekk frå fylkesvegen sidan tomta ligg i ein skarp sving. Det kan mellom anna vere pårekneleg at det er behov for å utføre trafikktryggingstiltak på og langs fylkesvegen, sjølv om det ikkje føreligg konkrete planar om dette no. Vi meiner difor at det vert for knapt å plassere bygningsmasse (garasje) 6 meter frå vegmidte slik det er søkt om. Garasjen må trekkast lengre unna, og vi rår til at den vert lagt i same avstand som garasjen på nabotomta.

Vi vil ta endeleg stilling til ein eventuell dispensasjon frå byggjegrensa når det føreligg ei endeleg plassering av bygningar på tomta.

**Sluttord:**

Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden meiner vi at det kan pårekna avkørsleløyve etter veglova dersom søknaden vert endra og våre krav til teknisk utforming vert innfridd. Eit slikt løyve vil i så fall innehalde særleg vilkår knytt til opparbeidning av avkøyrsla.

Vi rår generelt i frå å plassere bustadhus nærmere enn 15 meter frå vegmidte. Garasjen som er synt på situasjonsteikninga må flyttast lengre unna fylkesvegen, og bør leggast i same avstand som garasjen på naboeigedomen. Søker må også dokumentere at det er tilstrekkeleg snu- og manøvreringsareal på eigen tomt.

Dersom kommunen vel å gje dispensasjon i dette tilfellet, vil vi behandle søknaden vidare etter føresegnehøva i veglova. Det må då sendast inn nytt situasjonskart som er i samsvar med våre krav og kommunen sitt vedtak.

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
faggruppekoordinator

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ